
Fra: Øyvind H Oddekalv
Sendt: fredag 5. juli 2019 09:15
Til: Postmottak Meland
Emne: Fwd: 18/168868-2 - Purring - Opprusting av fylkesvegen mellom Vikebø og Skjelanger i Meland kommune

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Vangsnes Gunhild Beate Nes <gunhild.vangsnes@vegvesen.no>
Dato: 5. juli 2019 kl. 09:09:24 CEST
Til: Øyvind H. Oddekalv <Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no>
Emne: 18/168868-2 - Purring - Opprusting av fylkesvegen mellom Vikebø og Skjelanger i Meland kommune

Hei Øyvind!

Beklagar at det har tatt så lang tid før eg har fått gitt deg tilbakemelding på dei spørsmåla du har stilt i breva dine.

1. Når det gjeld uvettig køying i rundkøyinga på Mjåtveit er det eigentleg ei sak som politiet burde følgje opp. Men eg skjønner din frustrasjon, og spesielt når det har gått over ei tid og problemet er like stort. Eg har avtalt med våre TS-folk at dei skal sjå på dette over ferien.
2. Det blei også vist til veglys som ikkje fungerte på Fv 564 på Hjertås ved FRAMO Holsnøy sitt anlegg mellom Orrhøyen og Fløksand. Eg har fått oppgitt at det er årlege kontrollar på veglysanlegga våre. Den 15.05.2019 blei dei kontrollert og funksjonstesta, og det var ingen mørke armaturar. Det blei utført reperasjon i august og september 2018 på anlegget. Får håpe at veglysa er i orden nå.
3. Når det gjeld reperasjon av svake vegskuldarar på Fv 249, så må vi ha øyremerka midlar til dette. Det er kanskje inga overrasking at vi ikkje har så mykje midlar og at forfallet på vegane diverre aukar. Vi spelar dette inn til neste års budsjett.
4. Vi er kjend med at det kan rase ned stein i vegbana, ved Landsviklia (Fv 249). I 2007 blei det utarbeida ein geologisk rapport, der 3 parti blei omtala. I 2015 fekk vi midlar til å sikre eit av partia, dei to andre var meir omfattande og aktuelle for å leggjast inn i rassikringsplan. Sidan det nå er gått ei tid skal vi gjere ein ny geologisk vurdering og sjekke ut om forholda har forverra seg. Uansett så kan vi ikkje gjere omfattande tiltak før vi har finansiering på plass.
5. Asfaltering på Fv 564 mellom Rydland og Rosslund (til kryss ved Fv 249) blir gjennomført i løpet av hausten. Denne strekninga står på dekkeprogrammet for 2019.

Helsing Gunhild

Fra: Øyvind H Oddekalv <Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no>
Sendt: mandag 25. mars 2019 10:48
Til: Firmapost-Vest <firmapost-vest@vegvesen.no>
Kopi: Meland kommune <Postmottak@meland.kommune.no>
Emne: Oppføring: 1. Gjeld rundkjøringa på Mjåtveit og 2. Gjeld fylkesvegen mellom Vikebø og Skjelanger.

Statens vegvesen – Region Vest

Eg viser til to tidlegare innsende brev som vi ikkje har fått svar på.

1. Brev send til Statens vegvesen 2. mai 2016 der vi ber om at det blir sett på tiltak kring rundkjøringa på Mjåtveit i Meland kommune. Eg legg ved brevet eg sende etter ein diskusjon i formannskapet i Meland kommune. Gjeldande problem har ikkje blitt betre, sjå vedlagde foto av Morten Sæle som vart publisert i avisa Nordhordland nyleg. Eg oppmodar Statens vegvesen til å gjere noko med problemet med det aller første.
2. E-post send til Statens vegvesen 1. august 2018 (denne finn de under denne e-posten) der vi etterspør tiltak på fylkesvegen mellom Vikebø og Skjelanger, to tilhøve vart påpeika. Desse problema er vedvarande på dette strekket og vi ber om at det som er omtalt i e-posten vår frå august blir følgd opp.

Beste helsing

Øyvind H Oddekalv
ordfører



56 17 10 00 | 56 17 10 25 | Mob: 913 17 450
oyvind.oddekalv@meland.kommune.no | www.meland.kommune.no

[Sjå brosjyren vår](#)

 **Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten.**



Bilde frå rundkjøringa på Mjåtveit. Foto: Morten Sæle, avisa Nordhordland

Fra: Øyvind H Oddekalv
Sendt: 1. august 2018 11:00
Til: firmapost-vest@vegvesen.no
Kopi: Postmottak Meland
Emne: Gjeld fylkesvegen mellom Vikebø og Skjelanger

Statens vegvesen - Region Vest

I eit møte med Husebøkrinsen bygdelag tidlegare i år, vart det sett fokus på standarden til fylkesvegen mellom Vikebø og Skjelanger i Meland kommune.

Spesielt gjeld dette gjerne fv. 249 (frå Skurtveitkrysset og vidare utover) som grunna svake vegskuldrar framstår å vere i fare for å rase ut fleire stader. Vi legg ved nokre bilete som er tatt på denne strekninga i juni 2018, her kan ein tydeleg sjå på nivået til kantmurane korleis problema artar seg.

På same vegstrekninga rapporterer også bygdelaget om at det somme tider kjem stein i vegbana, spesielt i området kring Landsviklia. Vi ber om at desse tilhøva blir undersøkte og at det vert sett inn tiltak.

Samtidig vil vi vise til det elendige asfaltdekket på fv. 564 frå Vikebø, gjennom Rossland til Skurtveitkrysset. Dette er i utgangspunktet ein svært smal og svingete veg og den blir ekstra trafikkfarleg når dekket er så dårleg. Vi ber om at reasfaltering blir vurdert ved første høve.

Beste helsing

Øyvind H Oddekalv
ordfører



56 17 10 00 | 56 17 10 25 | Mob: 913 17 450
oyvind.oddekalv@meland.kommune.no | www.meland.kommune.no

[Sjå brosjyren vår](#)

 **Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten.**